



Akvator AS
Postboks 743
5404 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3103 - 15/24122

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
01.07.2015

Mellombels bruksløyve - gbnr 229/6 Skår - settefiskanlegg

Tiltakshavar: Lerøy Vest AS, 5020 Bergen

Ansvarleg søkjar: Akvator AS, 5404 Stord

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 16.10.2013(rammeløyve). Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

Mindre arbeid frå utførande entreprenørar; Fyllingen Maskin AS, Lientab AS, Austevoll Rørteknikk og Helland Elektro AS.

Syner til utgreiing i vedlegg Q-1 frå Akvator AS, datert 01.06.2015.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: utanom personaldel.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: ca 1. november 2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.06.2015.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Bjørsvikveien 137
Bygningstiltak:	Driftsbygning fiske/fangst/oppdrett
Bygningsnummer:	176310073

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for produksjonshall på gnr. 229, bnr. 6 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: produksjonshall utanom personaldel.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.11.2015.



